



Handlingsplan i møte med bekymringsfull vegring og bekymringsfullt fråvær i barnehagen

Denne planen er meint som ei støtte til å komma raskt i gong og handla når det er grunn til uro rundt eit barn som vegrar seg eller er mykje vekke frå barnehagen. Her finn du handlingsplakat og verktøy som kan nyttast i arbeidet.

Handlingsplakat ved bekymringsfull vegring eller bekymringsfullt fråvær

Alle tilsette skal vera kjent med denne *Handlingsplakaten*. Resten av innhaldet i *Handlingsplanen* kan nyttast etter behov.

Nivå 0 (Grøn sone, inkluderande spesialpedagogikk)	• Foreldre og tilsette fangar opp og melder bekymring tidleg ved vegringsatferd som t.d. vondt i magen, sliten, vil ikkje delta i aktivitetar eller gå i barnehagen. • Meld frå til næraste leiar. • Søk støtte og rettleiing frå spesialpedagog. • Drøft evt situasjonen i det interne BTI-teamet om det er identifisert vegring eller fråvær som gjev grunn til bekymring. • Pedleiar snakkar med foreldra, og evt barnet, for rask avklaring av bekymring • Dersom det er behov for å setja i verk tiltak, gå til nivå 1
Nivå 1 (Grøn sone, inkluderande spesialpedagogikk)	• Start eit formelt samarbeid med foreldra. Pedleiar og foreldre har kartleggingssamtale innan ei veke. • Dersom barnet ikkje har det trygt og godt, start aktivitetsplan. Ved behov for tiltak av andre årsaker, skriv tiltaksplan, gjerne i stafettlogg. • Evaluer etter 3 veker. • Pedleiar kan drøfte situasjonen i det eksterne BTI-teamet med samtykke. • Dersom tiltak i samarbeid mellom heim og skule ikkje gjev effekten ein ønskjer, kople på PPT-kontakt eller andre aktuelle samarbeidspartar og gå til nivå 2/3
Nivå 2	• Samarbeidsmøte med foreldre, pedleiar, PPT eller andre involverte instansar. • Grundigare kartlegging av miljø, språkvanskar, psykisk helse m.m. Gjer ei strukturert Barnets beste vurdering. • Evalueringsmøter kvar tredje veke for status og framdrift
Nivå 3	• Samarbeidsmøte med to eller fleire instansar i tillegg til barnehage og foreldre. • Gjer ei strukturert Barnets beste vurdering. • På same måte som på nivå 2, men fleire tenester/instansar er involvert.